



KARMØY KOMMUNE

Åkra ungdomsskole
Skolemiljøutvalet

Kommunen som vil at du skal lykkes!

MØTEBOK FOR SKOLEMILJØUTVALET

Dato:	12.11.19	
Til stades:	Terje Kjeilen Grethe Bøhn Stueland Elise Brekke Bjørnsen Tor Inge Grindhaug	Jan Ove Edvardsen Tone Fiksdal Gunn Tove Ådland Jane Vold Fosen
Ikkje møtt/meldt fråvær:	Karoline Haugeberg Kenneth Lodden	Samuel Eriksen
Frammøte:	8 av 11	

SMU 2019-20:

- Sak SMU 5: **Trafikkarbeid v/Åkra ungdomsskole**
Fredag 1. november starta arbeidet. Innkjøringa til skolen var stengd, og dette skapa utfordringar. Det var kaos rundt skoler og barnehagar. Rektor sende e-post til entreprenør og kommune. Forslaget var å flytte sperringa bort til innkøyringa til Skolevegen. Det var ikkje mogleg å imøtekoma då plan for veg allereie var godkjent. Skolen var på førehand lova at det skulle vere mogleg å køyre til eigedomane. Kommune og entreprenør var på inspeksjon måndag og tysdag veka etter. Det vart betre skilting og ein ordna det slik at feltet for innkøyring vart betre tilrettelagt. Ein har òg sett inn vakter for å ivareta elevane som kryssar Engvegen. Situasjonen med tanke på trafikktryggleiken er betre, men det mykje biltrafikk i bustadområdet rundt skolen. Arbeidet er planlagt til å vare ut november.
- Sak SMU 6: **Trygt skolemiljø jf. Opplæringslova § 9a**
- *Rutiner*
Skolen la fram plan for å sikre informasjon og årshjul for SMU. Det kom eit innspel på årshjulet. Det var ønskeleg å ha rusførebyggjande arbeid på første møtet om hausten. Dette er no lagt inn. Se vedlegg.

Sak SMU 7: **Vinterball 30. januar 2020**

- *Vakthold/sikkerhet m.m.*

Foreldra fekk informasjon om dato for vinterballet. Det vil bli meir detaljar om dette på eit seinare tidspunkt. Dei var positive til at ein i fjor hadde leigd inn profesjonelle vakter til å stå utanfor skolen og hindre at uvedkommande kom seg inn. Foreldra og lærarane som var tilstade haldt vakt inne, og elles anna arbeid. Det var òg nulltoleranse for å komme inn på vinterballet om ein hadde gått ut, då vart banda klipte, og ballet var over for den som opplevde dette. Målet var å unngå at ein opplevde rus på ballet.

Sak SMU 8: **Eventuelt**

FAU-leiar seier at den som står på lista som representant i FAU for klasse 8B har gitt tilbakemelding om at ho ikkje er det. FAU-leiar ber skolen sjekke dette ut.

Dato neste møte: forslag endret til 18. februar

Jane Vold Fosen 14-11-2019
Sekretær

SU-Møtebok 2019-20

